

Møteprotokoll

Utval: Ulstein kontrollutval
Møtestad: Ulstein rådhus - Kommunestyresalen
Dato: 07.09.2021
Tid: Kl. 08:30 – 10.35

Medlemmar som møte

Asbjørn Gausdal
Berit Lyngstad
Gerd Bang Brevik
Ivar Kåre Mork

Representerer

Funksjon

nestleiar
medlem
medlem
leiar

Forfall

Knut Kleiven

Representerer

Varamedlem

Nils Einar Garnes

Representerer

Andre som møtte

Vest kontroll.
Jostein Støylen. Dagleg leiar.
Kjetil Kvammen. Juridisk rådgjevar/advokat.

Søre Sunnmøre kommunerevisjon:
Halldis Moltu. Statsautorisert revisor.

Ulstein Kommune.
Knut Erik Engh. Ordførar. I sakene 29-34.
Verner Larsen. Kommunedirektør. I sakene 33 og 35-37.
Marit Botnen. Kommunalsjef Helse og omsorgsetaten. I sak 33.
Gunn Helen Muren. Einingsleiar Alvehaugen. I sak 33.
Norunn Masdal Vartdal. Konsulent Gerica. I sak 33.

Sakliste

Sak nr.	Sakstittel	Arkivsaksnr.
29/21	Godkjenning av innkalling og sakliste	21/298
30/21	Godkjenning av protokoll	21/298
31/21	Skriv og meldingar	21/298
32/21	Ulstein kommune. Etterlevelse av bestemmelsar og vedtak for økonomiforvaltninga for 2020	21/301
33/21	Kontroll av kommunen sin praksis med krav på eigenandelar ved opphald i institusjon	21/318
34/21	Handsaming av ekstern varsling retta mot leiande personar i kommunen	21/319
35/21	Tertialrapport 1. tertial 2021	21/306
36/21	Finansrapport 1. tertial 2021 Konsernet Ulstein Kommune	21/313
37/21	Tertialrapport Ulstein Eigedom KF 2021 - 1. tertial	21/14
38/21	Gjennomgang av møteprotokollar	21/298
39/21	Vedtaksoppfølging kontrollutvalet	21/298
40/21	Saker til eventuell seinare behandling	21/298

Stad, 07.09.2021

Ivar Kåre Mork

29/21 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste.

30/21 Godkjenning av protokoll

Vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

Behandling:

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet godkjenner møteprotokollen frå siste møtet.

31/21 Skriv og meldingar

Underliggende sak:

Saksnr.	Tittel
09/21	Årsmelding 2020 Søre Sunnmøre barnevernssamarbeid
10/21	Frå kommunalrapport 3 juni 2021 Planlegger det nye barnevernet
11/21	Vurdering av uavhengigheit
12/21	SSR IKS Møtebok - Representantskapet
13/21	Alle vet nå hva reformen krever av kommunene
14/21	Frå bladet kommunal økonomi mai 2021 - Leder Beredskap

Vedtak:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek meldingane til vitende.

32/21 Ulstein kommune. Etterlevelse av bestemmelsar og vedtak for økonomiforvaltninga for 2020

Vedtak:

Kontrollutvalet tek til orientering revisjonen sin gjennomgang av korrekt etterberekning av vederlag for eigendel for kommunale helse- og omsorgsteneste, avgrensa til etterleving av regelverket vedkomande vederlagsberekning ved institusjonsopphald.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek til orientering revisjonen sin gjennomgang av korrekt etterberekning av vederlag for eigendel for kommunale helse- og omsorgsteneste, avgrensa til etterleving av regelverket vedkomande vederlagsberekning ved institusjonsopphald.

33/21 Kontroll av kommunen sin praksis med krav på eigenandelar ved opphald i institusjon

Vedtak:

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunen set i verk og gjennomfører etter gjeldande forvaltningsrettslege reglar dei nødvendige etteroppgjer for åra 2008-2019, oppsummert av revisjonen 11.06.2021, så langt dette er praktisk muleg.
2. Kommunestyret vedtek vidare at dei bebuarar som etter kommunerevisjonen sine berekningar har betalt urette krav på eigenandelar får betalt attende det som netto er blitt betalt for mykje med tillegg av renter etter lov om renter ved forseinka betaling m.m.
3. Kommunen fråfell etterkrav mot bebuarar som samla sett i tidsromet for etteroppgjer viser seg å ha betalt for lite.

Behandling:

Advokat Reidar Andresen var til stades, gjorde kort orientering og svara på spørsmål vedkomade rapporten. Kommunedirektør Verner Larsen var til stades, gjorde kort greie for tilhøva og svara på spørsmål. Revisor Halldis Moltu var og til stades. Det vart ikkje stilt spørsmål til revisjonen sin rapport.

Sekretariatet ved dagleg leiar Jostein Støylen og juridisk rådgivar/advokat Kjetil Kvammen orienterte om saksutgreiinga og svara på spørsmål.

Kommunedirektør Verner Larsen hadde med desse personane slik dei fekk høyre debatten i saka: Kommunalsjef Helse og omsorgsetaten Marit Botnen, Konsulent-Gerika Norunn Masdal Vartdal og einingsleiar 4 Alvehaugen bu og rehabilitering - langtid Gunn Helen Muren.

Under debatten kom det fram eit ynskje om meir presisering av pkt 1 i tilrådinga.

Dagleg leiar sette då fram forslag om å ta inn flg. i punkt 1:

.....for åra 2008-2009, **oppsummert av revisjonen 11.06.2021**, så langt.....

Avstemming: Det vart stemt over dei tre punkta samla, då med endringsforslaget frå dagleg leiar i pkt 1. Alle punkta vart samrøystes vedtekne.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunen set i verk og gjennomfører etter gjeldande forvaltningsrettslege reglar dei nødvendige etteroppgjer for åra 2008-2019 så langt dette er praktisk muleg.
2. Kommunestyret vedtek vidare at dei bebuarar som etter kommunerevisjonen sine berekningar har betalt urette krav på eigenandelar får betalt attende det som netto er blitt betalt for mykje med tillegg av renter etter lov om renter ved forseinka betaling m.m.
3. Kommunen fråfell etterkrav mot bebuarar som samla sett i tidsromet for etteroppgjer viser seg å ha betalt for lite.

34/21 Handsaming av ekstern varsling retta mot leiande personar i kommunen

Vedtak:

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret finn etter nærare vurderingar av sitt vedtak, jfr. punkt c. i sak PS 14/21, at eit uavhengig advokatfirma skal nemnast opp som settekommunedirektør i høve motteken varsling mot kommunedirektør Verner Larsen og kommunalsjef Marit Botnen.
2. Settekommunedirektøren skal sørge for tilfredsstillande avklaring av faktiske og juridiske tilhøve, jfr. kommunelova § 13-1 tredje ledd. Det skal også vurderast i kva grad behandlinga av varslinga skal skje etter saksbehandling og regelverk som gjeld for personalsaker i kommunen.

3. Ordføreren får fullmakt til å inngå nødvendige avtaler med advokatfirmaet.

Behandling:

Advokat Reidar Andresen og ordfører Knut Erik Engh fekk høve til å uttale seg i saka.

Asbjørn Gaustad sette fram forslag om at pkt 4 går ut.

Leiaren organiserte avstemminga slik at det vart stemt for kvart punkt. Pkt 1, 2 og 3 vart samrøystes vedtekne. I pkt. 4 stemte Asbjørn Gausdal, Gerd Bang Brevik og Nils Einar Garnes for at dette punktet gikk ut. Ivar Mork og Berit Lyngstad stemde for punkt 4 i samsvar med forslaget frå dagleg leiar. Pkt 4 går då ut i kontrollutvalet si innstilling til kommunestyret.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet rår kommunestyret til å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret finn etter nærare vurderingar av sitt vedtak, jfr. punkt c. i sak PS 14/21, at eit uavhengig advokatfirma skal nemnast opp som settekommunedirektør i høve motteken varsling mot kommunedirektør Verner Larsen og kommunalsjef Marit Botnen.
2. Settekommunedirektøren skal sørge for tilfredsstillande avklaring av faktiske og juridiske tilhøve, jfr. kommunelova § 13-1 tredje ledd. Det skal også vurderast i kva grad behandlinga av varslinga skal skje etter saksbehandling og regelverk som gjeld for personalsaker i kommunen.
3. Ordføreren får fullmakt til å inngå nødvendige avtaler med advokatfirmaet.
4. Det tidlegare tildelte oppdraget til advokat Reidar Andresen i høve eksternt varsel vert med dette avslutta.

35/21 Tertialrapport 1. tertial 2021**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 54/21 til vitende.

Behandling:

Kommunedirektør Verner Larsen orienterte og svarta på spørsmål.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 54/21 til vitende.

36/21 Finansrapport 1. tertial 2021 Konsernet Ulstein Kommune**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 55/21 til vitende.

Behandling:

Kommunedirektør Verner Larsen orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 55/21 til vitende.

37/21 Tertialrapport Ulstein Eigedom KF 2021 - 1. tertial**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 53/21 til vitende.

Behandling:

Kommunedirektøren orienterte og svarte på spørsmål.

Forslag til vedtak:

Kontrollutvalet tek kommunestyresak 53/21 til vitende.

38/21 Gjennomgang av møteprotokollar**Vedtak:**

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet har, på noverande tidspunkt, ingen merknadar til gjennomgådde møteprotokollar.

39/21 Vedtaksoppfølging kontrollutvalet**Vedtak:**

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

Behandling:

Kontrollutvalet registrerar at sekretariatet har følgd opp alle sakene kontrollutvalet har vedteke.

Dagleg leiar si tilråding:

Kontrollutvalet tek gjennomgangen av vedtaksoppfølginga til vitende.

40/21 Saker til eventuell seinare behandling**Behandling:**

Det kom ikkje framopplysningar som ga høve til vedtak i saka.